I diskusjonar ein høyrer om dette så finn ein naturleg nok og skepsis, noko ein må ta på alvor. Ein vil difor måtte imøtegå denne skepsisen meir enn ein kanskje har gjort før, gjennom å ha det aktivt som tema, og la pårørande delta med sine tankar. Det er ved at ein vert tatt på alvor i sine tvil og nølingar at ein vil kunne få folk til å snu. Eg ser difor føre meg at ein vil måtte bruke lenger tid på kvar pårørande og planleggingar i ei periode, dette må ein gjerne sette av ekstra ressursar til for å få gjennomført.

Økonomiske incentiv høyrest ofte litt kynisk ut når det gjeld gravferder, men eg tenkjer at det er det som kanskje må til ei periode for å snu tankegangen og få opp talet på kremasjonar slik at folk vert van med dette som eit val. Her må ein tenkje at incentiva er tilstrekkeleg store over ei periode til at folk ser det som eit alternativ.

**Forslag til vedtekter:**
Kistegravlegging får eit stort prishopp gjeldande frå 01.07.23

Alle frå andre kommuner er hjarteleg velkomne til gravlegging i Ulstein, men då er alternativa ein urnevegg, eller oskespreiing på godkjente stadar og med høve til eit lite skilt.

Alle pårørande får høve til ein diskusjon kring motførestillingar dei har om kremasjon.

Alle som vel å forplikte seg til å samle minimum fem graver i ein vil få ein bra prisreduksjon på dette. Når det gjeld dette er målet til Ulstein at dette vert urner på langt sikt, og at ein oppmodar til å nytte ikkje-feste frigjevne graver til føremålet.

Nei til fornya feste over 40 år, prisauke på feste etter 20 år.

## Ulstein Postmottak

**Fra:** Norunn Festøy Ottesen <norunn.festoy.ottesen@ulstein.kommune.no>
**Sendt:** onsdag 31. mai 2023 21:23
**Til:** Ulstein Postmottak
**Emne:** Eit lite tillegg

**Oppfølgingsflagg:** Følg opp
**Status for flagg:** Fullført

Eg fekk lyst å kome med ein ekstra ide:
Kan det vere råd å få eit forbod mot plastlys og lykter ved gravstaden vår?
De treng berre å ta ein liten tur frå gravstaden til verftsinngongen for å finne 7-8 gravlykter langs vegen no, dette trass i at veggrøftene vart rydda til 17.mai.
Fuglane vil ha innmaten og tek dei difor med over vegen for å sleppe dei ned for å knuse dei. Eg har sjølv fått ei i frontruta og måtte skifte rute.
Men om dette er dei vi ser i vegen så kan ein vite at det ligg like mange på omkringliggande jorder, og haugar. Dei kjem i forhaustarar og resulterer i plastsøppel og metallbitar over heile nærområdet.
Eg forstår det slik at alle som bur andre stader enn på Osnes nok ikkje trur på at det er eit problem, og vil bagatellisere problemet. Det er kanskje fint med nye tradisjonar kring lyssetting vil mange seie, men det er ikkje eit samfunn verdig at gravlykter skal vere eit bidrag til fugleforgifting, plastforsøpling og metallbitar i naturen.
Eg tenkjer at kyrkja og kunne ha mot til å seie dette. Folk må kunne kjøpe tunge, innbrotssikre lykter eller tenne ljos heime i staden. Vi naboane har snakka om aksjon og å gå ut i avisa, men fint om ein som gravplasseigar kan ta stilling til problemet.

## Ulstein Postmottak


| | |
|---|---|
| **Fra:** | Riise, Stig Sandanger <stig.riise@vard.com> |
| **Sendt:** | torsdag 1. juni 2023 10:00 |
| **Til:** | Ulstein Postmottak |
| **Emne:** | Vedtekter gravplass |
| | |
| **Oppfølgingsflagg:** | Følg opp |
| **Status for flagg:** | Fullført |


Det er vanskeleg å forstå at det er eit arealproblem for gravstad i Ulstein kommune. At alle skal gravleggast på Osneset, er utopisk. At det er ein fordel med denne staden avdi den er så sentrumsnært / nær kyrkja, er ein villfarelse. Truleg kjem nær 100% av dei som skal i gravferd eller vitje gravplassen i andre ærend, med bil ller buss (gravferder). Alternativ plassering, som alt er vurdert, må ein ta fram igjen og finne ei løysing.

For mange er det viktig å kunne vitje forfedrene si grav og det i fleire generasjonar. Då er 40 år alt for lite. 3 – 4 generasjonar burde vere normalen. Ein kunne kanskje auke festeavgifta proporsjonalt med alder. Dvs dyrare når det er over 40 år og endå dyrare når det er over 60. Då får ein skilt ut dei som dette er viktig for frå dei som det ikkje er så viktig for. På ei anna side, så er ei slik ordning aksnkje ikkje så rettvis. Kva vil ein gjere med familiegraver ? Skal siste gravlagt gjelde ?

Det andre punkta, har eg ikkje merknad til.

Mvh
Stig Sandanger Riise
41626715
ssriise@outlook.com

## Ulstein Postmottak

| | |
|---|---|
| **Fra:** | helen eiken <h_eiken@hotmail.com> |
| **Sendt:** | torsdag 1. juni 2023 10:46 |
| **Til:** | Ulstein Postmottak |
| **Emne:** | Merknadar/spørsmål til utkast til ny gravplassforskrift i Ulstein |
| | |
| **Oppfølgingsflagg:** | Følg opp |
| **Status for flagg:** | Fullført |

Viser høyring om endring i gravplassforskrift for Ulstein med høyringsfrist 1. juni 2023. Eg har desse merknadane og spørmåla:

**Paragraf 4** - busette i andre kommuner skal ikkje lenger kunne få kistegrav i Ulstein når dei døyr. Dette finn eg urimeleg. Det kan ikkje vere snakk om mange personar av dei per no knappe femti gravferdene per år, som bur utanfor Ulstein når dei døyr som ønsker å gravleggast i kiste i Ulstein. Dei som bur andre stadar, men som vil gravleggast i Ulstein, har med stort sannsyn ei sterk tilknyting til Ulstein og har kanskje ikkje familie der dei bur. Menneske som bur andre stadar (t.d. einslege) som har sin familie (foreldre, sysken m. fl.) i Ulstein, og som har eit livssyn eller ei overtyding der dei ikkje ønsker kremering, bør framleis kunne gravleggast (i kiste) i Ulstein mot ei avgift, slik at pårørande har ei grav å gå til der dei bur og ikkje må reise langt av garde (tenker då ikkje på kringliggande kommuner som Hareid med fleire) for å besøke/stelle grava. Vidare bør det ikkje gjerast ei slik endring no, for så å gjere om på det når det i framtida forhåpentlegvis blir rikeleg med gravplassar i kommunen. Gjer ein ei slik endring bør den gjelde i minst ein generasjon/25 år slik at det ikkje blir ei kort periode der nokon får nei til kistegrav fordi kommunen har trongt om gravplassareal, for så at andre seinare får ja til det same fordi det er rikeleg med gravplassar igjen.

**Paragraf 6** - festetida vert avgrensa til maksimalt 40 år frå siste gravlegging. Frå å ikkje ha avgrensing på festetid til å sette den til 40 år er ei altfor stor innskrenking. Det at ein kan søke soknerådet om å få forlenga festetida er også problematisk. Kva skal kriteria vere for å få dette innvilga og korleis skal soknerådet sikre likebehandling av pårørande? Skal det vere kor gamal (eller ung) den gravlagde var når hen døydde, eller kor gamal dei næraste pårørande er når det har gått 40 år frå gravlegging som skal avgjere om ein får forlenga festetida? Eller skal det vere kor stort behov den einskilde pårørande har for å framleis ha ei grav å gå til, og korleis skal det i så fall målast? Vil eit avslag frå soknerådet på forlenga festetid kunne påklagast, og i så fall til kven?

**Dobbeltgraver** - i utkastet står det at det kan settast av ei grav ved sidan av ei anna grav som vert tatt i bruk ved behov (t.d. til ektefelle), og at festetida på denne "dobbeltgrava" då også er maksimalt 40 år. Vil det då sei at dersom vedkomande som skal ligge i grava ved sidan av ikkje automatisk får behalde denne dersom hen ikkje døyr innan førti år med mindre ein søker om det til soknerådet for kvar nye festeperiode etter at det har gått 40 år?

**Spørsmål (eg gjerne vil ha tilbakemelding på) -** skal dei nye forskriftene ha **tilbakevirkande kraft** slik at graver der ingen har vorte gravlagde dei siste 40 åra eller lenger no vil bli sletta ved utløp av inneverande festeperiode (med mindre ein får dispensasjon)? Der er mange slike graver heilt tilbake til då gravplassen vart etablert for over hundre år sidan. Mange har betalt feste på graver i mange tiår der ingen nye personar har vorte gravlagde på mykje over 40 år allereie. Dette har kanskje vore med tanke på å sjølve gjenbruke gravene ein gong i framtida, noko som då med endring i forskrifta ikkje lenger vil vere mogleg, med mindre ein søker soknerådet og får dispensasjon.

Vennleg helsing

Helen Eiken

Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark
Desember 2021

Utkast til
**FORSKRIFT OM GRAVPLASSVEDTEKTER, Ulstein kommune, Møre og Romsdal**

Jf. lov av 7.juni 1996 nr. 32 om gravplassar, kremasjon og gravferd (gravplasslova) § 21 (1) , § 8 (1) og § 14 (1) og forskrift til lov om gravplassar, kremasjon og gravferd av 10. januar 1997 nr. 16 (gravplassforskrifta) § 15a (4), jf. gravplasslova § 14 (1) og § 21 (1).

Vedtatt av Ulstein kyrkjelege fellesråd / kommune 06.04.2022
Godkjent av …….. Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark ……. (dato)

## § 1 FORVALTNING
Gravplassane i Ulstein kommune er underlagt Ulstein kyrkjelege fellesråd / kommune administrasjons- og myndigheitsområde.

## § 2. DEFINISJONAR
Gravplassmyndigheit: Ulstein kyrkjeleg fellesråd/kommune under utøving av forvaltningsansvaret sitt for gravplassane i Ulstein kommune, jf. gravplasslova med forskrifter.
Fri grav: Grav som gravplassmyndigheita har tildelt ein avdød person frå kommunen, og som det ikkje blir betalt festeavgift for i fredingstida.
Festa grav: Grav som det er inngått eller fornya festeavtale for, jf. gravplasslova § 14.
Festa gravstad: Fleire kistegraver som er festa saman.
Ordinær urnegrav: Grav til oskeurne med plass til fire urner, jf. gravplassforskrifta § 14.
Urnegrav i minnelund: Grav til oskeurne i minnelund med plass til éi urne.
Kistegrav: Grav som stettar forskrifta sine krav til storleik for gravlegging av kister. I ei kistegrav kan det også gravleggjast urner.
Fredingstid: Tidsrom frå siste gravlegging til grava kan takast i bruk igjen til ny gravlegging.
Festetid: Tida det er avtala å feste ei grav for.
Ansvarleg for grav: Den som er ansvarleg for ei fri grav.
Festar: Den som står som part i ein festeavtale.
Anonym minnelund: Gravfelt for anonyme graver. Feltet kan ha eit felles minnesmerke utan opplysningar om kven som er gravlagt.
Namna minnelund: Gravfelt med felles minnesmerke med namn og data på dei som er gravlagde der.

## § 3. FERDSEL PÅ GRAVPLASSANE
Besøkande skal om mogeleg ferdast gåande, jf. gravplassforskrifta § 9 (2). Gravplassmyndigheita kan etter søknad gi løyve til å køyre ved dokumentert sjukdom/forflyttingshemming. All køyring skal skje særleg omsynsfullt.

## § 4. GRAVPLASSTILHØYRSLE
Avdøde personar i kommunen kan gravleggjast på kva som helst av gravplassane i kommunen.
Dei har rett til fri grav så framt grava er tilvist.

Avdøde personar som på grunn av sjukdom eller alderdom har budd i ein annan kommune mot slutten av livet, blir medrekna på same måte som kommunens eigne innbyggjarar, og har rett til fri grav så framt grava er tilvist.

Avdøde personar frå andre kommunar kan berre bli gravlagt i kommunen etter kremasjon og mot at kostnadane ved gravferda og avgift som ved feste av grav blir betalt.

**§ 5. FREDINGSTID**
Fredingstid for kistegraver er 20 år.
Fredingstid for urnegraver er 20 år.
Gravplassmyndigheita kan vedta lengre fredingstid for enkelte graver.

**§ 6. FESTE AV GRAV MED MEIR**
Når kistegrav skal takast i bruk er det høve til å feste ei grav ved sida av, og etter søknad til gravplassmyndigheita; for ei ekstra grav i tillegg når behovet tilseier det. Desse gravene utgjer då éin gravstad.

Ved bruk av ordinær urnegrav, sjå definisjon av "ordinær urnegrav" i *§ 2 Definisjonar*, kan det ikkje bli festa ei grav ved sida av.

Ved feste av grav ved sida av den kistegrava som blir tatt i bruk, er festetida 20 år.

Når festetida/fredingstida er ute, kan grava/gravstaden bli festa for nye 5 år. Når det er gått 40 år etter siste gravlegging, kan festet ikkje bli fornya utan etter særleg samtykkje frå gravplassmyndigheita.

I god tid før festetida er ute skal festaren bli varsla. Er ikkje festet blitt fornya innan seks månader etter forfall, fell grava eller gravstaden tilbake til gravplassen.

Innbetalt festeavgift blir berre betalt tilbake dersom tilbakebetaling følgjer av bindande rettsreglar eller det ligg føre særlege grunnar.

Ingen kan bli gravlagt i festa grav/gravstad utan festaren sitt samtykkje. Dersom det ikkje er råd å hente inn samtykkje frå den ansvarlege eller festaren til bruk av grav, kan gravplassmyndigheita ta avgjersle om gravlegging.

Festar pliktar å melde adresseendring.

**§ 7. GRAV OG GRAVMINNE**
Ved opning av grav kan jord bli lagt på omkringliggande graver og gravutstyr kan mellombels bli flytta. Gravplassmyndigheita sørgjer for istandsetting igjen, og vil også sjå til at grava blir planert og tilsådd med gras etter gravlegging. Montering av gravminne kan først skje etter at gravplassmyndigheita har godkjent gravminnet og merka staden der det skal stå. Det kan ikkje bli sett opp tidlegare enn 4 månader etter gravlegging av kiste. Gravminne på urnegrav kan bli sett opp med ein gong etter urnenedsetting. Så lenge ein ventar på gravminne sørgjer gravplassmyndigheita for eit merke med avdøde sitt namn på.

På nyfesta gravstad skal gravminnet plasserast i bakkant av den grava som er tatt i bruk, og blir sentrert på gravstaden etter neste gravlegging.

Gravminne som vert sett opp utan å vere godkjent og som ikkje er i samsvar med regelverket, kan etter gitt frist bli fjerna av fellesrådet.

**§ 8. PLANTEFELT**
Framfor gravminnet er det høve til å opparbeide eit plantefelt i høgde med bakken omkring. Det må ikkje vere breiare enn gravminnet si breidde, men kan i alle tilfelle vere opp til 60 cm breitt. Det kan ikkje stikke lengre fram enn 60 cm, målt frå gravminnet sin bakkant. Det kan ikkje plantast vekstar som overstig gravminnet si høgd eller går utover plantefeltet. Det kan ikkje plantast vekstar som er på fremmedartslista eller som har evna til å spreie seg uønska vidare.
Det er ikkje høve til å bruke faste dekorgjenstandar som blomsterurner, lykter mv. i plantefeltet. Det er høve til å tenne stearinlys og oljelampe på grava, så lenge dette er innanfor gjeldande reglar om brannvern. Stearinlys, oljelamper og andre lause dekorgjenstandar skal fjernast etter bruk.

Det er høve til å ramme inn plantefelt med delt steinkant eller bedplate som fluktar med terrenget omkring. Bedplate og fundament for gravminne skal ikkje henge saman.

Dersom det ikkje er aktuelt å ha plantefelt, skal det vere grasbakke på alle sider av gravminnet.

Det er ikkje høve til å ramme inn grava med hekk eller døde materiale.

**§ 9. PLANTEMATERIALE**
Planter, kransar og liknande materiale som blir nytta ved gravferd eller ved pynting av grav og som endar som avfall, skal fullt ut vere kompostérbare.

**§ 10. STELL AV GRAV**
Kvar ansvarleg for frigrav eller gravfestar har rett og plikt til å stelle den grava vedkomande har ansvaret for. Plantefelt som ikkje blir tilplanta eller stelt skal såast til av den ansvarlege eller bli sådd til av gravplassmyndigheita.

Ansvarleg for grav eller festar pliktar å halde gravminnet sikra og i forsvarleg stand.

Ansvarleg for grav eller festar kan gjere avtale om at kyrkjelege fellesråd~~/kommunen~~, og den som får løyve til det etter § 13, kan utføre planting og stell av grav, samt montering, sikring og vedlikehald av gravminnet. Ein slik avtale fritek ikkje den ansvarlege eller festar frå det ansvaret dei har etter reglane som til ei kvar tid gjeld.

**§ 11. NAMNA MINNELUND**
Ved gravlegging i namna minnelund skal namn og data til avdøde førast på ei namneplate på felles minnesmerke.
Namna minnelund på Osnes gravplass gir ikkje høve til kistegravlegging

Graver i namna minnelund kan bli festa etter fredingstidas utløp på lik linje med andre graver på gravplassen. Det vil likevel ikkje vere høve til å gravleggje på nytt i grava.

I namna minnelund kan det bli festa ei grav attmed. Dette gjeld også urnegrav, sjå definisjon av "urnegrav i minnelund" i *§ 2 Definisjonar*. Ved feste av grav attmed skal det betalast

festeavgift frå tidspunktet då den første grava blir tatt i bruk. Ved feste av grav attmed i namna minnelund vil ikkje gravene nødvendigvis kome attmed kvarandre, men namneplatene.

Avgift for bruk av namna minnelund blir betalt frå det tidspunktet grava blir tatt i bruk.

Gravplassmyndigheita har ansvaret for felles tilplanting og stell i minnelunden. Det er ikkje høve til å opparbeide eige plantefelt for grav i minnelund. Det kan leggast ned blomar og tennast gravlys så lenge dette er innanfor gjeldande reglar om brannvern, på ein stad tilvist av gravplassmyndigheita.

**§ 12. NÆRINGSVERKSEMD**
Næringsdrivande som ønskjer å drive verksemd på gravplassen skal hente inn løyve frå gravplassmyndigheita. Løyvet kan kallast tilbake dersom vedkomande ikkje rettar seg etter dei reglane som gjeld.

Slik verksemd kan berre omfatte montering, sikring og vedlikehald av gravminne og tilplanting og stell av graver.

**§ 13 ARBEID PÅ GRAVPLASSANE**
Anleggs- og vedlikehaldsarbeid skal skje på kvardagar i arbeidstida (kl. 07:00-17:00) og må ikkje utførast på søndagar, heilagdagar eller offentlege høgtidsdagar. Ikkje noko arbeid på gravplassen må vere til sjenanse for seremoniar eller rituelle handlingar på gravplass eller i bygning på gravplass. Næringsdrivande kan berre køyre på gravplassen i den grad det er nødvendig for å utføre arbeidet. Slik køyring skal skje ekstra omsynsfullt.

**§ 14. DISPENSASJON FRÅ VEDTEKTENE**
Gravplassmyndigheita kan i særlege tilfelle og innanfor ramma av gravplasslov og gjeldande forskrifter fråvike §6, §11 i vedtektene.

**§ 15. IKRAFTSETJING OG OPPHEVING AV ELDRE VEDTEKTER**
Denne forskrift om gravplassvedtekter trer i kraft frå 01.06.2022. Frå same tid blir vedtekter (11.11.2013) for gravplassane i Ulstein kommune i Møre og Romsdal fylke, oppheva.

## S-SAK 2023/23 Finansiering av ungdomsarbeidarstilling i Ulstein kyrkje

### UTGREIING

*Vedlegg:Referat frå første møte i arbeidsgruppe for finansiering av ungdomsarbeidarstilling i Ulstein sokn.*

Arbeidsgruppa med soknerådsleiar, leiar i Ulstein KFUK-KFUM og kyrkjeverje har hatt eit første møte for å finne ei finansieringsløysing for ungdomsarbeidarstillinga. Forslaget involverer fleire samarbeidspartnarar Ulstein kyrkje har for å drive eit godt barne- og ungdomsarbeid. Forslaget sikter også til ei fornying av gjevarteneste.

### FRAMLEGG TIL VEDTAK

Saka blir lagt fram utan framlegg til vedtak

# Skisse til ein gjevarteneste for ungdomsarbeidar i Ulstein sokn / Ulstein KFUK-KFUM

Soknerådsleiar Odd Arne Vikebakk, leiar i Ulstein KFUK-KFUM Arnt Ole Grimstad og kyrkjeverje Christfried Kaul har hatt ei drøftingsmøte 30. mai for å kome med eit forslag til finansiering for ein ungdomsarbeidar i det ungdomsarbeidet Ulstein kyrkje og Ulstein KFUK-KFUM samarbeidar om.

Gruppa er samde om at det trengst noko lønna arbeidskraft for framleis kunne drive eit godt ungdomsarbeid med Ten Sing, leiartrenging og ungdomsgudstenester.

Soknet har lønna ungdomsarbeidaren av innsamla midlar men fondet til dette formålet er oppbrukt. Gjevartenesta, kyrkjekollektenog stønad frå Nykyrkjekarane har dekka mellom 30 og 40% av kostnadene.

Kostnadene per år er ca. kr. 200.000

**<u>Gruppa har følgjande forslag til finansiering (per år)</u>**

| | |
|---|---|
| Fornying av gjevarteneste gjennom eit samarbeid av Ulstein KFUK-KFUM, Ulstein Ten Sing og Ulstein sokn årleg volum: | kr. 80.000 |
| Ulstein sokn | kr. 25.000 (kyrkjekollekt) |
| Ulstein KFUK-KFUM | kr. 25.000 (prosjekt- og / eller fondsmidlar |
| Nykyrkjekarane | kr. 50.000 (frå innsamlingsaksjon) |
| Årsgåver frå KRIK, Ulstein KFUK-KFUM speidarar: | kr. 20.000 |

Ulstein KFUK-KFUM har hatt saken opp i styret og er positiv til eit spleiselag. Forslaget er ikkje drøfta med Ten Sing, speidarane, KRIK og Nykyrkjekarane, men gruppa har trua på å kunne firedoble gjevarteneste gjennom ei målretta kampanje, og får til eit spleiselag med ulike aktørar.

06.06.2023
Christfried Kaul (ref)

# S-SAK 2023/24 Bestilling av stolaer passande til kyrkjetekstilane i Ulstein kyrkje

## UTGREIING

*Vedlegg: nytt forslag for lilla stola for kyrkjetekstilene tilhøyrande Ulstein kyrkje*
Etter innspel frå siste møte i Ulstein sokneråd har tekstilkunstnar Laila Endresen lagt fram eit nytt forslag for motiv og utforming av lilla stola, der tistel og sommarfugl er valt som symbol.

## FRAMLEGG TIL VEDTAK

Saka blir lagt fram utan framlegg til vedtak

Sokneràdet i Ulstein kyrkje

v/Christfried Kaul, Kyrkjekontoret

6065 Ulsteinvik

FORSLAG PÅ SYMBOL : FIOLETT OG KVIT STOLA TIL ULSTEIN KYRKJE

Eg takkar for spørsmål om å lage kvit og fiolett stola til kyrkja. Viser til møte og samtale med synfaring i kyrkja saman med Margit Lovise Holte.

Der er mykje symbolikk i kyrkjeromet i form av måleri/dekorasjoner. Noko som går igjen er bl.a.akantusblad, blomster og bordar.

Fiolett stola:Denne vert brukt i adventstida, fastetida og ved gravferder.

Høgre side: Tistel med 5 blomster. Tistelen er her symbol for Jesu liding og Jesus sine 5 sår. Den symboliserer også håp, at noko kan vekse ut av tistelen.

Venstre side: Sommarfuglen; Nytt liv i Kristus!

På denne fiolette er det sølv som danner alle konturar. På den kvite er det gullkonturar.

Kvit stola: Denne vert brukt i alle høgtider, bryllaup, Maria bodskapsdag og Allehelgensdag.

Høgre side: Sigerskruna på langt smalt gullkors. Pynten på kruna i grønt er henta fra dekoren i kyrkja, firpas, eller ein liten blomst.

Venstre side:Lilje på tilsvarande kors som høgre side. Den er eit Kristus- og oppstandelsessymbol.

Stolane går ned i spiss bak, og har eit gresk kors i spissen.

Stola`ne vert laga i ullsateng, fora med eit bomullsstoff i same farge. Mellom desse laga er eit stabeliseringsstoff i ull som gjer at dei ikkje skal få brettar, og for å få meir tyngde. Symbola vert utførte i applikasjon og broderi. Breidde på stolaen:11cm.Vedlagt ligg skisser og fargeprøver. Tek gjerne imot spørsmål om noko er uklart.

Tjørvåg 02.06.2023

Laila Lillebø Endresen

Laila Lillebø Endresen

Symbol på tjalett stola.

Applikasjon å broderi

Konturer i sølv





Fiolett stola.

Tistel m/5 "blomst"

- Jesu lidingé.
5 sår
tistel viser
håp - den spirer

Sommarfugl

- nytt liv!
- i Kristus





# S-SAK 2023/25 Lokal markering Møre bispedøme 40 år

## UTGREIING

Vedlegg:Jubileumsbrev med oppfordring om å opne kyrkjene
Møre bispedøme er landets ynhste bispedøme og fyller 40 år i 2023. Biskopen har i samråd med kyrkjeverjelaget i Møre kome med eit forslag om å opne alle kyrkjene i Møre i 24 timer helga 16.-17. september.

Jubileet vil bli markert i Ulstein kyrkje ved NMS- familiegudsteneste 17. september. Kva opplegg kan Ulstein soknerådlegge opp til med ei 24 timers open Ulstein kyrkje? Arbeidsutvalet hadde nokre forslag til å ta utgangspunkt i:
- konsert (orgel, piano, band)
- ettermiddags- / kveldsandakt med vaffel og kaffi etterpå
- frokost på Fredheim før gudstenesta
- open kyrkje med mulighet for å lystenning
- Kvil i Guds nåde (sove i kyrkjerommet)

## FRAMLEGG TIL VEDTAK

Saka blir lagt fram utan framlegg til vedtak

**DEN NORSKE KYRKJA**

Til alle sokneråd i Møre bispedømme

Dato: 28.04.2023 Vår ref: 23/01482-2 Dykkar ref:

## OPNE KYRKJER!

Tenk tilbake på den kyrkja der du vart døypt, konfirmert, vigd, eller den kyrkja der du tok farvel med ein av dine kjære. Har du nokon gong stått utanfor døra og ønska at det hadde vært mogeleg å kome inn? Eller kanskje har du vore på ferie eller reise og stått utanfor ei låst kyrkje og ønska at døra var opa?



I samband med Møre bispedømme sitt 40 årsjubileum har vi eit ønske om å feire lokalkyrkja.

Tenk om vi kunne klare å opne dørene til alle kyrkjene i heile bispedømmet samtidig! Slik at alle som bur i bygd og by kan få høve til å komme inn i kyrkja si, - eller eit anna kyrkjerom dei er nysgjerrige på å sjå.

Draumen er at alle kyrkjer kan være opne i eitt døgn, 24 timer frå 16.-17.september. Dette kan være eit for stort løft nokon stader, da håper vi at kyrkja kan være open frå kl.10.00-18.00 16.september.

Vi inviterer derfor sokneråd og stab til å ta en samtale om korleis dette kan skje lokalt.

## Kva skal skje under Opa Kyrkje?

Det viktigaste er at dørene er opne, med eit skilt om opa kyrkje utanfor. Men tenk gjerne kreativt rundt kva som kan skje.

Postadresse:
Moldetrappa 1
6415 MOLDE

E-post: more.bdr@kirken.no
Web:
Org.nr.:818 066 872

Telefon: +47 71250670
Telefaks:

Sakshandsamar
Grethe Lystad Johnsen

Nokon å prate med? Kantor øver til søndagsgudstenesta? Ei opa korøving? Kva med å utfordre historielaget til å vise gamle bilete frå dåpsgudstenester opp gjennom tidene? Kanskje kan de lage ei bønevandring saman med misjonsorganisasjonen de samarbeider med? Eller kulturskulen kan få ei utfordring om å halde ein konsert i kyrkjerommet?

Kyrkjene våre er ein viktig del av alle lokalsamfunn, dette vil vi sette søkelys på denne dagen.

Når de bestemmer dykk for at dette vil vi være med på, og dette skal skje her hos oss, send ei skildring av planane til Kurt Vadset kv746@kirken.no. Vi vil dele alle gode tiltak på nettsida til Møre bispedømme. Her vil de etter kvart også kunne finne ressursar for tidebønn, plakatar, eller gode idear frå andre kyrkjelydar som har planlagt å ha opa kyrkje denne dagen. Frå bispekontoret si side vil vi ta kontakt med regionale media og dei største avisene for å markedsføre dette.

Med helsing

| | | |
|---|---|---|
| Ingeborg Midttømme | Christfried Kaul | John Erik Brakstad |
| Biskop | Leiar Møre kyrkjeverjelag | Jubileumskomiteen |

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

Mottakere:

Click here to enter text., Click here to enter text. Click here to enter text. Click here to enter text.

# S-SAK 2023/26 Søknad om støtte til deltaking i NM Ulstein speidarar

## UTGREIING

*Vedlegg:søknad om reisestønad frå patrulje Isbjørn*

Patrulje Isbjørn har for andre år på råd kvalifisert seg til deltaking på NM i speiding. Patruljen søkjer om reisestønad.

Ulstein soknerådet har som tradisjon å vere med på gi søtte til ungdom som tek del på kurs, seminar eller arrangement på nasjonalt / regionalt nivå for å både inspirere og gi kunnskap som leiar, gi anerkjennelse for engasjementet og for å få tilført erfaringar frå ungdomsarbeid som drives andre stader i landet. På slike søknader har vi ei praksis å gi stønad på ein tredjedel av kostnadene dersom det er innanfor rammene vi har høve til.

## FRAMLEGG TIL VEDTAK

Saka blir lagt fram utan framlegg til vedtak

# Christfried Kaul

**Fra:** Birgitte Øvrelid <ovrelid@yahoo.no>
**Sendt:** tirsdag 23. mai 2023 13.25
**Til:** Christfried Kaul
**Emne:** NM i speiding

Hei!

Eg er speidarleiar for patrulja Isbjørn i Ulsteinspeidarane. Patrulja har kvalifisert seg til å delta på NM i speiding som blir arrangert i Levanger 9.-11. juni 2023. Det er fire jenter som skal reise; Ingeborg Øyehaug Høidal, Synne Øvrelid Solås, Astrid Eline Breivik Anderson og Julia Szymanska. I tillegg ein vaksenleiar; Ottar Andre Anderson. Det blir utgifter til flybillettar på ca 2500 kr pr person og i tillegg hurtigbåt, buss og tog. Samla utgifter for jentene blir ca 12000 kr. Vi vil med dette søke Ulstein sokn om støtte til reisa.

Venleg helsing

Birgitte Hareide Øvrelid
Holsekerbakken 19
6065 Ulsteinvik